



Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Rådhuset
Dato: 28.05.2026
Tid: Kl. 08:30 - 17:00

Følgjande medlem møtte

Anne Kristin Førde

Nils Jørgen Sagebø

Jorunn Petrine Frøyen

Evy Merete Myklebust

Svein Olav Senneset

Kjell Sørland

Parti

AP

AP

H

V

V

VIP

Forfall meldt frå følgjande medl.

Magne Ivar Kjerpeset

Parti

SP

Følgjande varamedlem møtte

Øyvind Heimtun

Parti

V

SP

Merknad:

Etter møteslutt fsk er det styremøte i Bremanger Eigesom AS

Møtenotater:

Orientering:

Synfaring:

Underskrifter:

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel	
046/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
047/26	Godkjenning av møteprotokoll	
048/26	Orienteringssaker	
049/26	Drøftingssak	
006/26	Søknad frå Norsk Hjortesenter om støtte til prosjektet	
007/26	Drøftingssak oppfølging forsøpling.docx	
008/26	Drøftingssak: Service- og sanitærbygg i parken - Svelgen	
050/26	Referatsaker	
051/26	Detaljregulering småbåthamn Ålfoten - handsaming før offentlig ettersyn	
052/26	Søknad om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen for bygging av Bredvatn kraftverk	
053/26	Framlegg til skulerute 2027/28 - ut på høyring	
054/26	TV-aksjonen 2026 - oppretting av kommunekomité og kommunebidrag	
055/26	Revisjon av prosjekthandboka - investeringsprosjekt	
056/26	Søknad om tilskot frå næringsfondet - Brim Fjordsauna AS	Ikkje offentlig

046/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Formannskapet den 28.05.26 vert godkjende slik dei ligg føre.

Formannskapet 28.05.2026:

Handsaming:

Nils Jørgen Sagebø (AP) – ba om at det vart gjeve ei orientering om status i saka om gjenbruksstasjon under sak 048/26 – Orienteringssaker. Dette blei akseptert av møtet.

FSK- 046/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Formannskapet den 28.05.26 vart godkjende slik dei låg føre.

047/26: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokoll for Formannskapet den 23.04.26 vart godkjend og skriven under slik den ligg føre.

Formannskapet 28.05.2026:

Handsaming:

FSK- 047/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Møteprotokoll for Formannskapet den 23.04.26 vart godkjend og skriven under slik den låg føre.

048/26: Orienteringssaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringssaker vert teke til vitande.

Formannskapet 28.05.2026:

Handsaming:

007/26 Tertialrapport 1 – 2026

Kommunedirektøren orienterte. Sjå vedlagde presentasjon.
Fullstendig tertialrapport vert lagt fram for kommunestyret i juni.

008/26 Orienteringssak besøkssenter

Kommunalsjef Gro Abildsnes orienterte om status i prosjektet. Prosjektgruppa ber om ei utvida prosjektperiode til september 2027. Sjå vedlagde presentasjon.

009/26: Orientering om søknad frå Eide Fjordbruk

Samfunnskontakt i Eide Fjordbruk, Vidar Hjartnes orienterte om selskapet sin søknad på lokaliteten ved Isane. Sjå vedlagde presentasjon.

010/26: Presentasjon – Sjørdalshytta – Snowflake

Leo Cirotzki (på Teams) orienterte om ei lokal gruppe sitt arbeid med å ein mogeleg prosess for å ta vare på Sjørdalshytta som kulturminneprosjekt. Sjå vedlagde presentasjon.

011/26: Orientering vedkomande kjøp av utviding av gravplassen i Kalvåg
Ordførar orienterte.

- Kapasiteten på gravplassen i Kalvåg er nærast sprengd.
- Kommunen har dialog med grunneigar om kjøp av grunn.
- Det har vore møte med kyrkjeverje om vidare prosess
- Jordsmonnet på eksisterande gravplass gjer at nebrytinga går svært seint og er lite egna til gjenbruk.
- Det må gjennomførast ein del arbeid før ein kan setje i gang arbeidet med utvidinga. Dette vil påføre kommunen kostnader summert opp til om lag 1,125 millionar kroner. Dette omfattar kjøp av grunn, grunnundersøking, flaumfarevurdering m.m.

Det var semje om at kommunen berre må gjennomføre dei tiltaka som er naudsynte for å sikre tilgang på areal til graver i Kalvåg.

012/26: Orientering om Miljøvarme AS

Dagleg leiar Thomas Sætren orienterte om historia og status i selskapet. Sjå vedlagde presentasjon.

Kommunen, som største aksjonær, vart invitert til å vere meir aktiv som eigar kome med innspel til vidare utvikling av selskapet.

013/26 Status i saka om gjenbruksstasjon

Kommunalsjef Karl Vidar Førde orienterte. Sjå vedlagde presentasjon.

Formannskapet vil få presentasjon av døme på «ubemann» gjenbruksstasjon i neste møte.

FSK- 048/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak :

1. **Prosjektgruppa, Besøkssenter, får utsett frist for gjennomføring a fortstudien til formannskapsmøtet i september.**
2. **Kostnader til forprosjekt, gravplass i Kalvåg, vert å innarbeide i**

investeringsbudsjettet i samband med kommunestyret si handsaming av tertialrapport 1.

3. Orienteringane vart elles tekne til vitande.

049/26: Drøftingssak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Drøftingssak vert teke til vitande.

Formannskapet 28.05.2026:

Handsaming:

006/26: Søknad frå Norsk Hjortesenter om støtte til prosjekt:
Formannskapet støtter at det vert gjeve kr. 30 000,- i støtte frå viltfondet til Norsk Hjortesenter, Fritzøe Skoger, NMBU og NINA.

007/26: Oppfølging av forsøpling
Ordførar orienterte om at ho har fått fleire henvendingar om forsøpling på privat eigedom. Dette gjeld særleg tre plassar i kommunen som peikar seg ut. Ho har drøfta saka i administrasjonen, som har vore i kontakt med politiet om sakene. Erfaringane er at varsel om pålegg frå politiet har større effekt enn om kommunen.
Dersom det vert sett krav om opprydding frå kommunen, må dette følgjast opp.

Vedtak:

Administrasjonen får i oppdrag å iverksetje tiltak og bruke dei «verktøya» som ein kan i sakene.

008/26: Service og sanitæranlegg i parken - Svelgen
Kommunalsjef Karl Vidar Førde orienterte. Sjå vedlagde notat.
Formannskapet hadde spørsmål til kostnadsfordelinga og meinte denne ikkje var rimeleg, m.a. mellom Elkem og kommunen. Dette må ein sjå nærare på.
Når det gjeld tømmestasjon for bubil, kan båtlaget søkje om støtte, jf. tilsvarande på Davik.

FSK- 049/26 Vedtak:

Samrøstes vedtak:

**006/26: Søknad frå Norsk Hjortesenter om støtte til prosjekt:
Formannskapet støtter at det vert gjeve kr. 30 000,- i støtte frå viltfondet til Norsk Hjortesenter, Fritzøe Skoger, NMBU og NINA.**

**007/26: Oppfølging av forsøpling
Administrasjonen får i oppdrag å iverksetje tiltak og bruke dei «verktøya» som ein kan i sakene.**

008/26: Service og sanitæranlegg i parken - Svelgen

Formannskapet hadde spørsmål til kostnadsfordelinga og meinte denne ikkje var rimeleg, m.a. mellom Elkem og kommunen. Dette må ein sjå nærare på. Når det gjeld tømrestasjon for bubil, kan båtlaget søkje om støtte, jf. tilsvarande på Davik.

006/26: Søknad frå Norsk Hjortesenter om støtte til prosjektet

Formannskapet 28.05.2026:

Handsaming:

FSK- 006/26 Vedtak:

007/26: Drøftingssak oppfølging forsøpling.docx

Formannskapet 28.05.2026:

Handsaming:

FSK- 007/26 Vedtak:

008/26: Drøftingssak: Service- og sanitærbygg i parken - Svelgen

Formannskapet 28.05.2026:

Handsaming:

FSK- 008/26 Vedtak:

050/26: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til vitande.

Formannskapet 28.05.2026:

Handsaming:

FSK- 050/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Referatsaker vart tekne til vitande.

051/26: Detaljregulering småbåthamn Ålfoten - handsaming før offentlig ettersyn

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Detaljreguleringsplan for Ålfoten småbåthamn, planid. 202503 vert lagt ut til offentlig ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11.

Formannskapet 28.05.2026:

Handsaming:

FSK- 051/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Detaljreguleringsplan for Ålfoten småbåthamn, planid. 202503 vert lagt ut til offentlig ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11.

052/26: Søknad om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen for bygging av Bredvatn kraftverk

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

SFE får dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen etter plan- og bygningslova §§19-2 og 3 for etablering av omsøkte tiltak i samband med bygging av Bredvatn kraftverk. Dette

omfattar:

- Dispensasjon frå LNF-føremålet i plan og byggjegrensa langs vassdrag for etablering av magasin med dam og lukehus og helikopterlandingsplass ved Øvre Bredvatn.
- Dispensasjon frå planføremålet BN70, framtidig industriområde, og føremålet «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» (V) for etablering av sjøfylling utanfor gardsnr. 117 bruksnr. 19.
- Mellombels dispensasjon frå LNF-føremålet for etablering av riggplass og mellombels veg frå dam til tverrslagstunnel fram til 01.01.2032.

Når den mellombelse dispensasjonen er utgått skal veg og tunnelmassar ved Øvre Bredvatn vere fjerna slik at inngrepet ikkje lenger er synleg.

Dispensasjonen er gjeve under følgjande vilkår:

- Detaljplanen for utbygginga skal sikre god terreng- og landskapstilpassing av tiltaka, og at det vert gjort nødvendige avbøtande tiltak for å redusere ulemper i anleggsperioden.
- Omfanget av sjødeponiet skal avgrensast til det som er absolutt nødvendig, og overskotsmassar skal i størst mulig grad brukast til samfunnsnyttige føremål.

Grunngjeving for dispensasjonen og vurdering etter naturmangfaldlova går fram av saksutgreiinga under.

Formannskapet 28.05.2026:

Handsaming:

FSK- 052/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

SFE får dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen etter plan- og bygningslova §§19-2 og 3 for etablering av omsøkte tiltak i samband med bygging av Bredvatn kraftverk. Dette omfattar:

- Dispensasjon frå LNF-føremålet i plan og byggjegrensa langs vassdrag for etablering av magasin med dam og lukehus og helikopterlandingsplass ved Øvre Bredvatn.
- Dispensasjon frå planføremålet BN70, framtidig industriområde, og føremålet «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» (V) for etablering av sjøfylling utanfor gardsnr. 117 bruksnr. 19.
- Mellombels dispensasjon frå LNF-føremålet for etablering av riggplass ved Øvre Bredvatn og mellombels veg frå dam til tverrslagstunnel fram til 01.01.2032.

Når den mellombelse dispensasjonen er utgått skal veg og tunnelmassar ved Øvre Bredvatn vere fjerna slik at inngrepet ikkje lenger er synleg.

Dispensasjonen er gjeve under følgjande vilkår:

- Detaljplanen for utbygginga skal sikre god terreng- og landskapstilpassing av tiltaka, og at det vert gjort nødvendige avbøtande tiltak for å redusere ulemper i anleggsperioden.
- Omfanget av sjødeponiet skal avgrensast til det som er absolutt nødvendig, og

overskotsmassar skal i størst mulig grad brukast til samfunnsnyttige føremål.

Grunngjeving for dispensasjonen og vurdering etter naturmangfaldlova går fram av saksutgreiinga under.

053/26: Framlegg til skulerute 2027/28 - ut på høyring

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren rår formannskapet til å legge skuleruta for 2027/28 ut på høyring slik den ligg føre.

Formannskapet 28.05.2026:

Handsaming:

Kommunalsjef Gro Abildsnes gjorde merksam på eit par feil forskrifta:

- Heimel – referansen til opplæringslova skal vere § 14-1
- Vinterferien skal vere i veke 8, 21. -25. februar

FSK- 053/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Feil i forskrifta vert retta og skuleruta for 2027/2028 vert lagt ut på høyring.

054/26: TV-aksjonen 2026 - oppretting av kommunekomité og kommunebidrag

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Bremanger kommune opprettar kommunekomité for NRK TV-aksjonen 2026.
2. Formannskapet vert vald som kommunekomité. Ordførar vert leiar og varaordførar vert nestleiar.
3. Bremanger kommune løyver kr 50 000,- i kommunebidrag til TV-aksjonen 2026.

Formannskapet 28.05.2026:

Handsaming:

FSK- 054/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

1. Bremanger kommune opprettar kommunekomité for NRK TV-aksjonen 2026.

2. **Formannskapet vert vald som kommunekomiteé. Ordførar vert leiar og varaordførar vert nestleiar.**
3. **Bremanger kommune løyver kr 50 000,- i kommunebidrag til TV-aksjonen 2026.**

055/26: Revisjon av prosjekthandboka - investeringsprosjekt

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Framlegg til justeringar i prosjekthandboka vert godkjend i samsvar med saksframlegget og endringar merka med rød tekst i vedlagd dokument.
2. Revidert prosjekthandbok vert distribuert til kommunestyret.

Formannskapet 28.05.2026:

Handsaming:

FSK- 055/26 Vedtak:

Samrøstes vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Framlegg til justeringar i prosjekthandboka vert godkjend i samsvar med saksframlegget og endringar merka med rød tekst i vedlagd dokument.
2. Revidert prosjekthandbok vert distribuert til kommunestyret.

056/26: Søknad om tilskot frå næringsfondet - Brim Fjordsauna AS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Brim Fjordsauna AS vert kjeve kr. 33 500,- i tilskot i samband med kjøp og installasjon av badstu på Iglandsvik.
2. Belastning kto. 251 5032 Næringsfond

Formannskapet 28.05.2026:

Handsaming:

FSK- 056/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

- 1. Brim Fjordsauna AS vert gjeve kr. 33 500,- i tilskot i samband med kjøp og installasjon av badstu på Iglandsvik.**
- 2. Belastning kto. 251 5032 Næringsfond**